

Nettstadar:

- Suldal.kommune.no

26.08 2022
Vår ref.: 108338

Kunngjering av planarbeid på nett

Ber om at følgjande kunngjering med vedlegg vert lagt ut på nettstaden dykkar.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Venleg helsing,

Magnus Dyngen

Landskapsarkitekt

magnus.dyngen@omega.no

92 414 393

Omega 365 Areal AS

Varsel om oppstart av detaljregulering for brannstasjon i Vinjarheim i Suldalsosen, gnr/bnr 27/28 – Suldal kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova vil me med dette informere om at Omega 365 Areal AS på vegne av Suldal kommune skal utarbeide forslag til ei endring av gjeldande reguleringsplan for Vinjarheim i Suldal kommune. Planområdet går fram av vedlagte kart, og er om lag 24 daa stort. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ein ny brannstasjon i den nordvestre delen av planområdet.

Gjeldande reguleringsplan (PlanID: 201804) vil verte erstatta av ny plan. Plankart og føresegner vil bli endra slik at planen kan opne for etablering av brannstasjon med tilhøyrande anlegg, i nordvestre del av planområdet (ca 1,5 daa). Det aktuelle området er i arealdelen til kommuneplan 2015-2024 sett av til «offentleg eller privat tenesteyting».

Det er foreløpig tenkt at brannstasjonen vil få ein eigen innkøyring frå Kyrkjevegen, medan avstanden frå brannstasjonen vil bli meir enn 60m frå Suldal kyrkje.


Det er konkludert med at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), då planforslaget er vurdert å vera i tråd med gjeldande planar for området og at planlagde tiltak ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn.

For nærmare informasjon kan du kontakte Omega 365 Areal AS på telefon 975 40 000.

Eventuelle merknadar/innspel til oppstart av planarbeidet kan sendast til **Omega 365 Areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller via e-post areal@omega.no innan 30.09.2022.


Etter meldingsfristens utløp vert sjølve planforslaget utarbeidd og sendt inn til kommunen. Etter 1. gangs handsaming vert planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komme med eventuelle merknadar, innspel og motsegn til planforslaget før endeleg handsaming av planen.

OVERSIKTSKART




Kjelde: kommunekart.com

UTSNITT FRÅ GJELDANDE KPA OG/ELLER REG.PLAN



Kjelde: GISLINE WebPlan Suldal Kommune

PLANOMRÅDE/PLANAUGRENSING



Kjelde: GISLINE WebPlan Suldal Kommune